


(24) SYNG, MINE STRENGER!

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND


Ei attergløyme som brått får liv i nynorsk versjon. Eg hadde tankar om dei fire element; jord, vatn, luft og eld. Og så fabulerte eg vidare om dei fire grunnleggande menneskelege temperament; det å vere anten flegmatisk, melankolsk, sangvinsk eller kolerisk (oppfarande).

D D dim E m A7 D




Syng, mi-ne streng-er, i mi sol - ren-nings va - ke! Mat - er Au-

6 D dim E m A7 F#m B m F#7




ro - ra, vil du far - ge mi sky? Inn - an du smyg deg i din him - mel til-

12 B7 E m B7sus4 B7 G(add9) A7 D



ba - ke syng, mi - ne streng - er, syng meg ny!



Syng, mine strenger, i mi solrennings vake!
Mater Aurora, vil du farge mi sky?
Innan du smyg deg i din himmel tilbake,
syng, mine strenger, syng meg ny!

Syng, mine strenger, når min elv dreg seg stille
rislande finstemt over tidsglatta stein.
Innan du flaumar over bredder og skille,
syng, mine strenger, syng meg rein!

Syng, mine strenger, når mitt bål kastar gneistar
hen over draumar og forventning og feil.
Innan du sloknar og kryp stilt inn i natta,
syng, mine strenger, syng meg heil!

Syng, mine strenger, når det kallar frå skogen
trollått og dvergmål i ein haust-elegi.
Syng, mine villstrå, i ei fure bak plogen!
Syng, mine strenger, syng meg fri!